



## Protokoll drøftingsmøte

**Tema:** Behov for oppretting av stillingar direkte under rådmannen med verknad frå 1. januar 2020.

**Møtestad:** Skypemøte

**Dato:** 28.09.2018

**Tid:** kl. 08.15

**Møteleiar:** Astrid J. Eidsvik

Deltakarar:	Kommune:
Astrid J. Eidsvik	Nye Ålesund
Randi Alvestad, Haldor Lillebø, Unni Krogsæter, Ann-Cathrin Nyhammer	Haram kommune
Laila Alvestad	Sandøy kommune
Ramona Pilskog , Tove Kristensen, Geir Lorentzen	Skodje kommune
Michael Werner, Maren Kongsnes	Ørskog kommune
Frode Nordstrand, Martha Trones, Jann Ove Ertresvåg	Ålesund kommune
Lars Marius Rindal – møtte som observatør	Hovudverneombod Ålesund kommune

### Saksliste:

1. Behov for oppretting av stillingar direkte under rådmannen med verknad frå 1. januar 2020.
2. Utlysing av arkivansvarleg med ansvar for nye Ålesund frå 01.01.2020.

### Konklusjon:

1. Tillitsvalde er samd med prosjektleiar i behovet for å opprette ass. rådmannstilling og 3 stabsstillingar under rådmannen. Dette for å bistå kommunalsjefar og stabssjefar i arbeidet med samhandling på tvers av dei ulike kommunalområda, mellom kommunalområda og stabsområda og mellom dei ulike stabsområda. Likeeins vil det vere viktig i overgangen til ny kommunen å ha tilstrekkelege ressursar rundt rådmannen for å bistå linjeleiarar og stabsleiarar i arbeidet med organisasjonsutvikling og samfunnsutviklingsarbeidet som skal skje på alle nivå i organisasjonen. Alt handlar om å bygge ein organisasjon der vi klarer å ha fokuset mot innbyggjarane sine behov også i den krevjande perioden ved inngangen i 2020-åra.
2. Behov for utlysing av arkivleiarstilling for nye Ålesund. Saka er aktuell ut frå utlysing av stilling i Ålesund kommune. Drøfta med rådmennene behovet for å lyse ut med ansvar for nye Ålesund frå 2020. Tillitsvalde ser behovet for å utlyse ut stillinga med ansvar for nye Ålesund frå 01.01.2020.



Møtet vart avslutta kl.08.35

Astrid J. Eidsvik  
Referent